



Lothar markerar sigeren!

Då sigersmålet til Tyskland smatt inn litt før klokka halv tolv inatt gav det bokstavleg tala gjenlyd også på Rabben og Øyro. Lothar Hannuschka frå Dortmund hadde med seg både flagg og horn til bruk under ein eventuell markering og sjølv om den satt langt inne, kom den då tilslutt..Lothar og fru Christa er superveteraner i den store flokk av tyskarar som har feriert på Rabben og Øyro og dei meiner det no skjer for gong nummer 22. Dei såg finalen som gjester hos Høgemark på Øyro, men bur på Rabben også i år.



Sigersmålet er eit faktum og Lothar, Christa og Tove er engasjert i seiersrusen

Lothar og Christa kjem frå ein av dei store tyske fotballbyane og det er noko som forpliktar. For då dei kommenterte finalen var det ikkje tvil om at dei visste det meste både om deira eige lag Borussia. og det tyske landslaget. Borussia hadde forresten ein mann med på sigerslaget - det var Mats Hummels. Lothar var truleg på veg til å mista motet og la flagget pent til sida då ordinær speletid nærma seg slutten. Men i andre ekstraomgang kom det fram att, kombinert med den filosofiske ytring at trua kan flytte fjell.

Det var forresten ikkje berre to tyskarar på campingområdet i Uskedalen i natt - det var også ei gruppe leia av Rabben-veteran Sigi Klemm frå Bayern. Og alle fekk ei sterk oppleving med fotballhistorisk sus. Lothar markerte det som skjedde også med å nyta øl frå heimlandet.

Tekst,foto og nett: Ola Matti Mathisen